

Inge og Mette Østergaard.

Østliveien 32  
1389 Heggedal

Bruskedalsreset/Ulset 18.11.2021

Vi viser til rek. brev av 18.10.21 (hentevarsel mottatt em 26.10.), tilsvarende E-post kort tid før og til flere SMS i samme tidsrom om trefelling og uttransportering.

Vi merkar oss at Østergaard i første avsnitt i sitt brev til oss viser til at rammetillatelsen gjeld «stikkvei» opp til gbnr 1/403, Flatøy Aust. I andre avsnitt nest siste linje har Østergaard endra uttrykket til «stikkvei» opp til Kråkhaugtoppen.

I brev frå Statsforvaltaren datert 10.02.2021 står dette:

«Statsforvalteren stadfester Alver kommune sitt vedtak datert 17.09.2020, sak 20/890.

Det blir gitt dispensasjon for etablering av vei til eiendommen gbnr 1/403.»

Stikkvei til Kråkhaugtoppen er ikkje nemnt.

#### Juridisk representasjon.

Svaret er, som me også tidlegare har orientert om: Vi, eigarane av gbnr 1/403 rådfører oss med advokat når vi finn at vi har bruk for råd.

#### Kjøring på vanskeleg føre.

Eigedomen gbnr 1/403 har vi festa og sidan eigd i over 23 år. Hytta har vore regelmessig brukt og stort sett besøkt kvar veke året rundt. Brukarane kjenner ver- og føreforhold på Flatøy godt. Nokre få gongar har det vore problem på vinterføre, helst knytta til vegen opp frå/ ned til postkassetativet/vegdelet, altså problem for fleire bilbrukarar i Austegard-området. Piggdekk har ikkje vore brukt på våre bilar på mange, mange år og vert heller ikkje aktuelt når vegen opp mot hytta vår vert bygd. Ved skikkeleg dårleg vinterføre lar vi bilen stå. Det er m a o ingen grunn til å tru at den nye tilkomstvegen vil verta skada av kjøring med piggdekk.

#### Trefelling / Uttransportering av felte tre.

På det flatare området der vår framtidige hytteveg etter den godkjende rammeplanen skal enda og der det er innteikna snuplass, dvs på område som tilhøyrrer gbnr 1/12, er det no felt vel 30 store grantre. Felling er utført av Eikeland Trefelling AS og er gjort etter avtale mellom grunneigar Hilda Austegard og oss, eigarar av gbnr 1/403. Omlag halvparten ville måtta fellast når vegen opp mot vår hytte skal byggjast – tidspunkt ikkje fastsett.

Fellinga har gjort det lysare og opnare mot Kråkhaugen, i samsvar med ønskje frå både Hilda Austegard og oss. Nokre fleire tre skal vi ta oss av å fella, også det etter avtale med grunneigar.

Brevet frå I og M Østergaard og fleire SMS-ar har ei rekkje merknader til uttransportering av felte tre frå dette området, dvs tre som er felte i samråd med grunneigar Hilda Austegard. Uttransportering er ikkje planlagt, og vil uansett vere noko Hilda Austegard tek avgjerd om. Dette er dermed ikkje noko vi treng å kommentere nærare.

Vi registrerer at det praktisk talt ikkje er utført sikringsarbeid knytt til tilkomstvegen opp frå U-sving. Ein viktig del av dette skal utførast på vår eigedom, gbnr 1/403. Veggen har vore i bruk av eigar av gbnr 1/399 i lang tid – for eksempel tidfesta frå befarang 13.05.2020 der grunneigarar og fleire av dei «involverte» deltok.

Ved utført sikringsarbeid må også bortsprengde grensemerke koma på plass. Opplysningar me har innhenta, tilseier at ansvaret for nymerking ligg på den som har fjerna merka.

Av kopi av brev frå Østergaard sin medhjelpar Kurt Terje Sjursen (Delta Prosjektering) framgår det at forsøk på innteikning av veggen (faktisk plassering) har vore gjort, men utførande firma hadde lagt det såkalla alternativ B til grunn. Dermed var innteikninga feil. Sidan har me ikkje høyrte noko meir om dette arbeidet.

Vi kjenner heller ikkje til at det er søkt om «mellombels bruksløyve» for tilkomstvegen eller at det er gitt slikt løyve.


Spørsmål om dei nemnde forholda er hittil ikkje reist frå vår side overfor Alver kommune.

Slik tilkomstvegen no er bygd frå U-sving til flaten inn mot hytta på gbnr 1/399, ligg praktisk tala heile tilkomstvegen på gbnr 1/12 (ein liten del på gbnr 1/403). Tilsvarande vil også framtidig veg mot gbnr 1/403 liggja på gbnr 1/12, eigar Hilda Austegard. Frå vår side, eigarar av gbnr 1/403 er det svært viktig at Hilda Austegard er kjend med alle deler av denne vegsaka. Kopi av dette skrivet vil dermed verta sendt til henne og hennar advokat.

Vi ser fram til ei konstruktiv tilbakemelding frå Østergaard om kostnadsdeling for den delen av tilkomstvegen vi har kjøpt bruksrett til og skal nytta.

Andre tilhøve som veglag/vedlikehald og liknande som vil gjelda eigarane av gbnr 1/12, 1/399 og 1/403 og moglege andre brukarar av tilkomstvegen er det også grunn til å gjennomgå slik at ein seinare unngår ev mistydingar.

Dette skrivet er utarbeidd i samarbeid med medeigar til gbnr 1/403, Berit Sofie Hoffstad og sønene våre, Geir Magnus Hoffstad Brigtsen og Torkil Hoffstad Brigtsen.

  
Henrik Brigtsen

18.11.2021.

Kopi til  
Hilda Austegard  
Kurt Terje Sjursen  
Alver kommune